

Årsmelding med årsrekneskap Det Vestnorske Teateret 2023



Teatersjefens årsmelding for 2023

Fosseåret

Året 2023 vert ståande som eit merkeår for nynorsken generelt, og Jon Fosse spesielt. At ein nynorsk forfattar vinn den viktigaste litteraturprisen i verda er nesten ikkje til å fatte, og samtidig kjentes det både naturleg og venta.

Det Vestnorske Teateret foregreip nesten prisen, og vi tok ei sentral rolle i markeringa då prisen var klar. Solrun Toft Iversen, som gav stafettpinnen vidare til underteikna frå august, programmerte ikkje mindre enn tre Fosseframсыningar på våren. Ein av desse var urpremieren «I svarte skogen inne», som blei laga i samarbeid med Festspillene og Det Norske Teatret. Det er stort at Fosse held fram med å støtte oss og skrive for oss. Difor var det også heilt naturleg at vi tok eigarskap over feiringa av Nobelprisen: Allereie same dag som tildelinga vart offisiell tok vi kontakt med NRK, og berre nokre få dagar seinare vart det klart at vi skulle jobbe saman for å lese dei samla skodespela til Fosse i éi lang direktesendt sending på NRK.

Prosjektet «Fosse - ord for ord» er eit av dei største teaterprosjekta som nokon gong har blitt realisert. 40 timar, 47 skodespelarar, 5 som las scenetilvisingar - og 41 skodespel (!) Det er nesten ikkje til å tru. Heile 700 000 var innom direktesendinga, og NRK2 dobla sine tradisjonelle sjåartal.

Dette på alle måtar visjonære og unike prosjektet ville ikkje ha vore mogeleg utan støtte og samarbeid. Både Kulturdepartementet, Bergen Kommune, Vestland Fylkeskommune og Sparebanken Vest bidrog med uvurdeleg økonomisk støtte, medan Det Norske Teatret, Teater Vestland og Den Nationale Scene velvillig stilte med skodespelarar. Saman hadde vi tre hektiske og inspirerende dagar, som vi vil leve lenge på.

Og no ligg heile prosjektet tilgjengeleg i NRK-spelaren for kommande generasjonar.

Heimatt

Den andre verkeleg store hendinga på teateret, var avslutninga av det unike Heim-prosjektet. Med framсыninga Heimatt vert det sett eit verdig punktum for det viktigaste prosjektet i Det Vestnorske Teateret si historie. Heim 1 til 4 vert sett av utrulege 36.169 tilskodarar. I dag framstår Heim som det «sikraste» eg som teatersjef kunne ha programmert, men om ein ser tilbake så var det frå starten eit veldig vågalt prosjekt. Å la 10 ulike dramatikarar skrive kvar sine tekstar, og så slå dei saman i éi og same framсыning kunne ha vore oppskrifta på kunstnarleg katastrofe. Men det gjekk bra! Og ikkje berre blei det bra; det trakk menneske som ikkje tidlegare har vore på teateret - og dei kom tilbake!

Det kjennes som eit stort ansvar å forsøke å halde på alle dei tilskodarane som fann ein heim i Heim. For med ny teatersjef står Det Vestnorske Teateret ved eit naturleg vegskille. Det ville ha vore unaturleg om eg adopterte avtroppande teatersjef sitt flaggskip. Og også suksessar har godt av å få ein slutt medan leiken er god. Mitt fokus vil difor i dei kommande åra i stor grad handle om å finne balansen i det å bringe teateret vidare (både kunstnarleg og omdømmemessig), utan å miste alle dei som allereie er glade i oss.

Kunstnarleg suksess

Som nytilsett teatersjef har eg opplevd å komme til eit teater der ein heile tida ser etter kva som er mogeleg, og kor alle strekker seg for å gi publikum ei så god oppleving som mogeleg. Eg er veldig stolt av begge «mine» første to produksjonar; «Amadeus» og «God dag, herr Jul», og registrerer at også publikum og meldarane ser kvalitetane i arbeidet vårt. Det er ikkje mogeleg for publikum å merke kor lite teateret egentleg er, og kor få folk vi har i kvar avdeling. Det er berre å gi all mogeleg honnør til alle dei fine folka som utgjør Det Vestnorske Teateret!

Vi skal halde fram med å lage teater som omhandlar Vestland, som utfordrar, og som legg det kunstnarlege lista høgt. Vi skal halde fram med å styrke nynorsken. Vi gleder oss til å sjå dykk på det vakre teateret vårt!



Teatersjef Thomas Bye, Foto: Andreas Roksvåg

STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2023

Stor spennvidde og ei omfattande satsing på Jon Fosse

Våren 2023 hadde DVT ei stor satsing på Jon Fosse sin dramatik. Vi byrja med å sette opp att dramatiseringa av boka *Stengd Gitar*, som var ferdig til lansering hausten 2021 då pandemi og streik råka teateret. Etter det hadde teateret verdspremiere på det nyskrive stykket *I svarte skogen inne*, i samarbeid med Det Norske Teatret og Festspillene i Bergen. I festspillperioden sette vi og opp musikkteaterframsyninga *Spelejenta*, utvikla av regissøren Ingrid Askvik og komponisten Felipe Noriega. I tillegg tok dåverande teatersjef Solrun Toft Iversen initiativ til litteratursymposiet *Det store svevet* under Festspillene, ei feiring av at det var 40 år sidan Jon Fosse debuterte med boka *Raudt, svart*.

Det var tilfeldig at Det Vestnorske Teatret hadde slik ei brei presentasjon av Jon Fosse sitt forfatterskap same år som han vart tildelt Nobel sin litteraturpris. Men teateret har lenge hatt ei nær tilknytning til Jon Fosse, all den tid han var med og tok initiativ til opprettinga av teateret i 1988. Med bakgrunn i denne nærleiken, vart det óg ei ekstra markering hausten 2023, noko vi skal kome attende til.

Den musikalske vestlandskrøniken *Heim 1-4* har vore ei populær satsing for teateret. Diverre vart både *Heim 3* og *Heim 4* råka av restriksjonane som var gjeldande under pandemien. Berre eit fåtal fekk billetter til desse to produksjonane. Teateret valde å sette opp ein kavalkade kalla *Heimatt* våren 2023, og dette vart ein populær framsyning blant publikum.

Det Vestnorske Teateret har vore opptatt av å formidle den nynorske kulturarven til barn og unge. I samarbeid med DKS har meir enn 1500 elevar i 5.-7. klasse fått vere med på ei oppdagingsferd i teaterhuset vårt i ei språkreise utvikla etter modell frå Den Mangfaldige Scena i Oslo. Dette prosjektet vart ein suksess med mange gode tilbakemeldingar.

Hausten 2023 overtok Thomas Bye som ny teatersjef ved Det Vestnorske Teateret. Den første framsyninga *Amadeus*, som handlar om relasjonen mellom hoffkomponisten Antonio Salieri og oppkomlingen Wolfgang Amadeus Mozart, vart ei strålende vakker oppsetting. Amfiet i teatersalen vart snudd, og med det kunne ein bruke den vakre rokokkosalen og galleria nærmast som ei ferdig kulisser. Seinare på hausten satsa teateret på ei nyskriven familieførestilling, *God dag herr jul* etter Laura Djupvik sin roman. Stykket fekk særskild god mottaking blant melderane og vil gå inn i ei tradisjon i teateret sitt repertoar.

5. oktober annonserte Svenska Akademien at Jon Fosse skulle tildelast Nobel sin litteraturpris for 2023. Same dag starta teateret ei planlegging av korleis ein kunne markere ei slik hending ved teateret. Tidlegare hadde ein sett på moglegheita av å lese alle Fosse sine dramatiske verk. No kunne det bli ein realitet. I samarbeid med NRK utvikla teateret konseptet *Fosse Ord for ord* – Fosse sin tekstar lest opp samanhengande av skodespelarar på TV. Til det trengtest lagt fleire skodespelarar enn det teateret rådde over. Vi fekk til eit godt samarbeid med Den Nationale Scene, Det Norske Teatret, Teater Vestland og Studentteateret Immaturus. Storsatsinga vart finansiert av Kulturdepartementet, Sparebanken Vest, Vestland fylkeskommune, Bergen kommune og NRK. Meir enn 700.000 var innom denne sendinga på NRK1 og NRK2 denne helga. For NRK2 sin del er det meir enn dobbelt so mange som vanlegvis er innom denne kanalen i løpet av ei helg. Det Vestnorske Teateret ønsker å rette ein stor takk til alle bidragsytarane som bidrog til å realisere denne teaterhistoriske hendinga.

Det nynorske kulturprogrammet på intimsцена vår Skifte har vorte ein stor suksess. Dette er eit lågterskeltilbod der publikum får tilgang på mindre teaterframsyningar, opplesingskveldar, debatt- og musikkevenement. Det Vestnorske Teateret har nytta midlar til å få

fram små produksjonar som nyttar nynorsk og som har trengt ekstra «såkorn» midlar for å bli realiserte. Bergen kommune har støtta mange av desse produksjonane som ein del av si nynorsksatsing. Det takker vi for.

Fleire teater ser framleis at det er lågare publikumstilstrøyming enn det ein hadde før 2020. Det er uklårt for oss kva som gjer dette ettersom svakare oppslutning etter pandemien enn før, ikkje har råka alle institusjonar like hardt. Med færre publikummarar merkar ein meir enn nokosinne den underfinansieringa som har råka alle norske kulturinstitusjonar gjennom dei siste 10 åra. ABE-reforma har gjennom desse åra ikkje gitt full kompensasjon for lønns- og prisstiginga, og denne utviklinga har fortsett med den nye regjeringa. Det vart gjeve noko ekstraløyvingar våren 2023, men dette dekkjer ikkje inn den kostnadsauken som teatera har. Det som er uroande for leiinga i norsk teater er at dette påverkar evna til å lage gode teaterframsyningar, fordi ein må satse på lågbudsjettproduksjonar. Styret i Det Vestnorske Teatret vil følgje denne utviklinga nøye, og ein har iverksett tiltak for å betre teateret sin økonomi.

Publikumsutvikling

Ei av dei store målsettingane med å flytte Det Vestnorske Teatret til sentrum var å nå eit større publikum i alle aldre. Vi har lukkast med å nå eit større publikum, men vert stadig minna på at dette er eit kontinuerleg arbeid som ein må ha fokus på. Teateret deltek saman med dei fleste kulturinstitusjonane i Norge i det utviklingsarbeidet som skjer i regi av Norsk Publikumsutvikling. Teateret har gjennomført ei undersøking blant eigne publikummarar og har fått inn gode data som kan nyttast i det vidare arbeidet som særleg handlar om å nå nye publikumsgrupper.

Frå 2022 til 2023 har vi hatt ein nedgang på 10-15% i det totale publikumstalet. Samstundes har vi hatt fleire barn og unge inne på førestillingane våre. Det siste ser vi på som særst positivt, særleg i lys av dei mål vi har om å nå eit yngre publikum. Talet på publikum og arrangement går elles fram av tabellen under,

Tabell: Tal publikum og tal arrangement 2023

	2023	2022
Publikum på eigen scene	22557	25 102
Turné	(416)*)	(972)*)
Samarbeidsproduksjon vist på anna scene inkl. turné	1894	3 878
Gjestespel mottatt	1050	2130
Sum publikum	25501	31110
Av dette – barn og unge	7186	5259
Av dette - publikum i Skifte (intimscena)	1262	1641
Tal arrangement Skifte	41	49
Av dette - formidlingsaktivitet	609	1030
Tal arrangement formidling	16	22
Beleggsprosent	65	65
Totalt tal arrangement	337	329

*) ikkje inklusiv i totaltalet

Byggeprosjektet

Byggeprosjektet som starta opp våren 2020, vart avslutta hausten 2023. Trass i pandemi og leveranseproblem som følgje av krigen i Ukraina, har ein makta å halde god framdrift og

prosjektet vart avslutta innafor dei økonomiske rammene som teateret hadde til rådvelde. Det siste store elementet kom på plass i juni 2023 då vi fekk festa den såkalla «meshen» som gjev ein sceneteppeillusjon på utsida av nybygget. Den nye verkstaden har fått teknisk utrustning og ikkje minst har vi fått ny scenerigg som gjev fleire moglegheiter når det gjeld bruka av teatersalen. Scene 2 har vore ei kjærkomen tilskott, både til prøver, men og til mindre framsyningar. Prosjektet er avslutta, og samtlege investeringar er no overført til teateret sin balanse.

Organisasjon og medarbeidarar

Den viktigaste hendinga når det gjeld organisasjonen er skifte av teatersjef frå og med hausten 2023. Etter 6 år på teateret har Solrun Toft Iversen slutta, og Thomas Bye er tilsett for ein periode på 4 år. Styret ser fram til eit godt samarbeid med den nye kunstnariske leiaren.

Teateret har gjort nokre mindre endringar i organisasjonen i løpet av 2023. Noko lågare aktivitet har ført til mindre innleige av mellombels tilsette i funksjonar knytt til teknikk. To tilsette som tidlegare var tilsett på mellombels kontraktar, har no fått tilsetting i prosentstillingar.

Teateret har siste halvår 2023 hatt to skodespelarar i åremålsstilling, medan resten av ensemblet er på mellombels kontraktar i tråd med den tariffavtala som er inngått med Norsk Skuespillerforbund.

Styret og teatersjef vurderer arbeidsmiljøet ved teateret som godt. Det har ikkje vore noko langtidssjukefråvær blant dei tilsette, mot 102 dagar i 2022. Det totale sjukefråværet enda på 1,1 %, som i si heilheit er kortidsjukefråvær inklusiv eigenmeldingar. Det er meldt 2 skader i løpet av året som trong tilsyn ved legevakta. Det er loggført tiltak i høve til det som var årsak til skade, og skadane førte ikkje til fråvær i ettertid. Nytt sceneteknisk utstyr på hovudscena har eliminert arbeid i høgda, og dette har ført til større sikkerheit ved omrigg og justeringar i teaterproduksjonane. Styret har fokus på at det skal vere eit godt, og produktivt arbeidsmiljø ved teateret. Omsynet til at teateret skal vere ein trygg arbeidsplass og dette har framleis ein stor plass i teateret sitt HMS-arbeid i 2023.

Teateret praktiserer jamstilling mellom kjønna når det gjeld leiande stillingar. Teateret si leiargruppe består no av tre kvinner og fire menn. Styret er samansett av tre kvinner og tre menn. Teateret legg vekt på å legge til rette for å tilsetje personar med ikkje-nordisk bakgrunn når desse er fullt ut kompetente og kvalifiserte for stillinga. Teateret følgjer tariff-føresegnene i bransjen og har fokus på at det ligg til grunn eit likelønsp prinsipp for tilsette med lik kompetanse og stillingsomtale.

Styret vil særleg takke dei tilsette for innsatsen i 2023, både dei faste og dei på engasjement. Styret takkar vidare alle samarbeidspartnarar som Det Vestnorske Teateret har hatt i 2023 og meiner at vi kan sjå fram mot eit fruktbart og engasjerande samarbeid i åra som kjem.

Økonomi (alle tal i parentes er 2023)

Grunnløyvinga frå Staten, Vestland fylkeskommune og Bergen kommune var kr. 34 419 000 (kr. 30 296 040 i 2022). I revidert statsbudsjett i juni fekk ein noko kompensasjon av den prisstiginga som ikkje vart tatt med i den opprinneleg løyvingane for 2023. For DVT utgjorde denne tilleggsløyvinga kr. 385 000.

Prosjektet *Heime i Nynorsken* og eit prosjekt om digitalisering fekk ei finansiering i 2021 og teateret har no nytta desse midla til produksjonar i 2023. *Heime i Nynorsken* vart eit særers vellukka arrangement for skuleelevar i Bergen i regi av DKS, medan digitaliseringsmidla vart nytta til interne opplæringsmidlar og eit høyrspel, *Else og Liv*. Total kr. 1 779 530 er brukt på desse satsingane i 2023.

Prosjektet *Fosse Ord for Ord* var støtta av Kulturdepartementet, Sparebanken Vest, Vestland Fylkeskommune og Bergen Kommune med totalt kr. 2 100 000. Desse midla gjorde det mogleg å gjennomføre prosjektet. Ei stor takk for dette.

Del av dei årlege løyvingane som er nytta til ombygginga av teateret, kr. 4 800 000, vert no ført direkte inn i resultatrekneskapen. I tillegg er det inntektsført kr. 2 066 772 frå tidlegare balanseførte avsetningar til prosjektet. Styret legg til grunn ei langsiktig vurdering av rentemarknaden, og vel å ikkje laste årsrekneskapen fullt ut med den noverande høge rentenivået som etter mange sine vurderingar vil bli lågare om ein ser nokre år fram i tid. Skilnaden i årskostnad vert henta frå dei balanseførte avsetningane. Dette er gjort ut frå ei forventning om eit noko fallande rentemarknad i løpet av 2 – 3 år.

Eigne inntekter, inkludert tilskott frå private gjevarar vart kr. 8 217 540 (11 095 750) Tilskott og eigne inntekter summerte seg med det opp til kr. 46 453 994 mot kr. 39 643 525 i 2022. Driftskostnadane auka til kr. 42 741 627 mot kr. 41 489 731 i 2022. Netto finanskostnadar utgjorde kr. 2 336 733 (992 808)

Resultatet etter finansinntekter og kostnadar er med det eit overskot på kr. 1 375 634 mot eit underskot på kr. 2 839 014 i 2022.

Det er i 2023 totalt investert kr. 12 167 761 (32 119 185), hovudsakeleg investeringar knytt til ombyggingsprosjektet. Teateret investerer óg årleg i den teatertechniske utstyrsparken. Kr. 176 437 (233 045) vart brukt til dette i 2023, mellom anna kjøp av nytt lyd- og lysutstyr. I tillegg har det vore investeringar i teknisk infrastruktur som inngår i byggeprosjektet.

Selskapet si frie likviditetsbeholdning utgjer kr. 9 536 808 (8 379 052) per 31.12.2023 (frie omløpsmidlar fråtrekt bunden skattetrekk). Styret har ei fortløpande vurdering av likviditeten sett opp mot den finansielle risikoen.

Styret meiner likviditetssituasjonen ved teateret er tilfredsstillande. Styret meiner årsrekneskapen gjev et rettmessig bilete av teateret sine eignelutar og gjeld, finansielle situasjon, og resultat. Styret tek det økonomiske resultatet for 2023 til etterretning. Styret rår til at overskotet vert tilført eigenkapital som med det vert auka til kr. 4 137 708 frå kr. 2 762 074. Styret har hatt som mål å styrke eigenkapitalen og dette arbeidet vil halde fram dei næraste åra.

I samsvar med Rekneskapslova § 3-3 vert det stadfesta at vilkåret om framleis drift er lagt til grunn ved utarbeidinga av rekneskapen.

Miljø

Teateret legg vinn på å ikkje forureine det ytre miljøet i all si framferd. I august 2022 vart teateret sertifisert som Miljøfyrtårn og kan dermed dokumentere at strenge kriterium innan innkjøp, energi, transport, avfall, utslepp og arbeidsmiljø er tilfredsstillt.

Det meste av den daglege drifta har blitt analysert og tilsette på dei ulike avdelingane har måtte bidra til å bli betre på berekraft og miljø som å gjennomføre gode val for utvikling

av ei teaterframsyning som å ikkje bruke forureinande materiale, men heller kunne gjere ombruk av materiale, scenografelement og kostyme. Tilsette har også fått større ansvar for å sortere avfall betre og teateret har fokus på å gjere innkjøps- og reiserutinane grønar. Teateret skal via sertifiseringa årleg rapportere inn ein klimarekneskap som forpliktar teateret å få ned miljøavtrykket på alle område.

Det Vestnorske Teateret er med i dei ulike initiativa som bransjen no prøvar ut, både Green Producers Tool og Theatre Green Book. Målet er å få ned fotavtrykket for kvar produksjon ved å måle ressursbruken i detalj og foreta gjennomtenkte val i materiale, ombruk av scenografi, kostymar, etc.

BERGEN, DEN 31.12.23/26.02.24
STYRET FOR DET VESTNORSKE TEATERET AS



AUDUN HASTI
STYRELEIAR



PEDER LØFNES HAUGE
STYREMEDLEM



STEINULF TUNGESVIK
STYREMEDLEM



MONA HØGLI
STYREMEDLEM



RAGNHILD STOLT-NIELSEN
NESTLEIAR



SOLFRID GLESNES
STYREMEDLEM



THOMAS BYE
TEATERSJEF/DAGLEG LEIAR

Årsrekneskap for 2023

Årsrekneskap

- Resultatrekneskap
- Balanse
- Notar

Revisjonsmelding

Resultatrekneskap

	Note	2023	2022
Driftsresultat			
Salsinntekt	2	46 350 289	39 574 923
Anna driftsinntekt		<u>103 705</u>	<u>68 602</u>
Sum driftsinntekter		<u>46 453 994</u>	<u>39 643 525</u>
Driftskostnader			
Varekostnad	3, 7	8 684 182	8 985 749
Lønnskostnad	4	22 960 359	23 545 206
Avskrivning	5, 6	4 779 295	2 355 649
Annan driftskostnad	4, 7, 8	<u>6 317 791</u>	<u>6 603 127</u>
Sum driftskostnader		<u>42 741 627</u>	<u>41 489 731</u>
Driftsresultat		<u>3 712 367</u>	<u>-1 846 206</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Inntekt på andre investeringar		65 162	3 861
Anna finansinntekt		251 283	122 496
Annan finanskostnad		<u>2 653 178</u>	<u>1 119 165</u>
Netto finans		<u>-2 336 733</u>	<u>-992 808</u>
Ordinært resultat før skattekostnad		<u>1 375 634</u>	<u>-2 839 014</u>
Årsresultat		<u>1 375 634</u>	<u>-2 839 014</u>
Overføringar og disponeringar			
Overføring til/frå annan eige kapital	13	<u>1 375 634</u>	<u>-2 839 014</u>








Det Vestnorske Teateret AS

Balanse pr. 31. desember

	Note	2023	2022
Anleggsmidler			
<i>Varige driftsmiddel</i>			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	2, 6, 17	70 356 347	62 425 834
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande	6	<u>11 537 606</u>	<u>12 079 652</u>
Sum varige driftsmiddel		<u>81 893 953</u>	<u>74 505 486</u>
<i>Finansielle anleggsmidler</i>			
Investeringar i aksjar og partar	9	25 000	25 000
Andre krav	11	<u>7 000</u>	<u>7 000</u>
Sum finansielle anleggsmiddel		<u>32 000</u>	<u>32 000</u>
Sum anleggsmiddel		<u>81 925 953</u>	<u>74 537 486</u>
Omløpsmidlar			
<i>Krav</i>			
Kundekrav		1 205 076	423 075
Andre krav	10	<u>1 543 615</u>	<u>957 528</u>
Sum krav		<u>2 748 691</u>	<u>1 380 603</u>
<i>Investeringar</i>			
Marknadsbaserte aksjar	9	<u>0</u>	<u>23 265</u>
Sum investeringar		<u>0</u>	<u>23 265</u>
Bankinnskudd, kontanter og liknande	12	<u>10 411 842</u>	<u>9 112 375</u>
Sum omløpsmidlar		<u>13 160 533</u>	<u>10 516 243</u>
Sum egedelar		<u>95 086 486</u>	<u>85 053 729</u>

Det Vestnorske Teateret AS

Balanse pr. 31. desember

	Note	2023	2022
Eigenkapital			
<i>Innskoten eigenkapital</i>			
Aksjekapital	13, 14	<u>100 000</u>	<u>100 000</u>
Sum innskoten eigenkapital		<u>100 000</u>	<u>100 000</u>
<i>Opptent eigenkapital</i>			
Annan eigenkapital	13	<u>4 037 708</u>	<u>2 662 074</u>
Sum opptent eigenkapital		<u>4 037 708</u>	<u>2 662 074</u>
Sum eigenkapital		<u>4 137 708</u>	<u>2 762 074</u>
Gjeld			
<i>Avsetjingar for plikter</i>			
Pensjonsplikter	4	520 197	486 311
Andre avsetjingar for plikter	2, 15	<u>22 211 515</u>	<u>24 278 287</u>
Sum avsetjingar til plikter		<u>22 731 712</u>	<u>24 764 598</u>
<i>Anna langsiktig gjeld</i>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	11, 17	<u>60 529 220</u>	<u>45 000 000</u>
Sum anna langsiktig gjeld		<u>60 529 220</u>	<u>45 000 000</u>
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Leverandørgjeld		1 234 926	1 486 070
Skyldige offentlege avgifter	12	1 625 445	1 397 390
Anna kortsiktig gjeld	16	<u>4 827 475</u>	<u>9 643 597</u>
Sum kortsiktig gjeld		<u>7 687 846</u>	<u>12 527 057</u>
Sum gjeld		<u>90 948 778</u>	<u>82 291 655</u>
Sum eigenkapital og gjeld		<u>95 086 486</u>	<u>85 053 729</u>
31. desember 2023 Bergen, 26. februar 2024			
 Solfrid Glesnes Tilsettes representant	 Audun Leiv Hasti Styreleiar	 Steinulf Tungesvik Styremedlem	
 Peder Lønnes Hauge Styremedlem	 Ragnhild Sivertsen Stolt-Nielsen styremedlem	 Mona Høgli Styremedlem	
 Thomas Bye Dagleg leiar / Teatersjef			

Noter til rekneskapet for 2023

Note 1 - Regnskapsprinsipper

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslovas føresegner og god rekneskapskikk for små føretak.

Salsinntekter

Tenester vert inntektsført i takt med utføringa. Den del av salsinntekter som knyter seg til framtidige ytingar vert balanseført som uopptent inntekt ved salet, og vert etter det inntektsført i takt med levering av ytingane. Driftstilskot resultatførast samstundes med inntekta det skal auke eller kostnaden det skal redusere. Tilskot er inntektsført brutto under driftsinntekt i resultatrekneskapen. Motteke investeringstilskot til ombygging av leigde lokalar er ført brutto som langsiktig gjeld i balansen. Tilskotta vil inntektsførast i same takt som driftsmidla vert avskrive.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter balansedagen, og dessutan postar som knyt seg til varekretsløpet. Øvrige postar er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld balanseførast til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Anleggsmiddel vert vurdert til innkjøpskost, men vert nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er forventa å vera forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid avskrivast planmessig. Langsiktig gjeld balanseførast til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap.

Kortsiktige plasseringar

Kortsiktige plasseringar (aksjer og delar vurdert som omløpsmiddel) vert vurdert til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi på balansedagen. Motteke utbytte og andre utdelingar frå selskapa vert inntektsført som anna finansinntekt.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel balanseførast og avskrivast over den forventa økonomiske levetida til driftsmiddelet. Direkte vedlikehald av driftsmiddel vert kostnadsført løypande under driftskostnadar, medan påkostnadar eller forbetringar vert tillagt kostprisen til driftsmiddelet og avskrivast i takt med driftsmiddelet. Om attvinnbart beløp av driftsmiddelet er lågare enn balanseført verdi gjerast nedskrivning til attvinnbart beløp. Attvinnbart beløp er det høgaste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverdi av dei framtidige kontantstrømmene som eigneluten vil generera.

Immaterielle eigneluter

Goodwill er differansen mellom innkjøpskost ved kjøp av ei verksemd og verkeleg verdi av eigneluter som kan identifiserast og gjeld i verksemda. Goodwill vurderast etter vurderingsregelen for anleggsmiddel.

Pensjonar

Lutlagets pensjonsordning gir rett til definerte framtidige ytingar (tilskottsplan). Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Plikta er dekt gjennom eit forsikringsselskap. Årets pensjonspremie resultatførast løypande i høve til god rekneskapskikk for små føretak. Tenestepensjonsordninga gir rett til definerte framtidige ytingar (tilskottsplan). Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Plikta er dekkja gjennom eit forsikringsselskap.

Noter til rekneskapet for 2023

Skattar

Teateret er ikkje skattepliktig for si ideelle verksemd.

Overskot frå drift av bar er skattepliktig og skattekostnaden for drifta vil bli periodisert. Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både periodens betalbare skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt er berekna med 22 % på grunnlag av mellombels forskjellar som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt likningsmessig underskot som vert overført ved rekneskapsårets slutt. Skatteaukande og skattereduserande mellombels forskjellar som reverserer eller kan reversere i same periode er utlikna og nettoført. Netto utsett skattefordel balanseførast i den grad det er sannsynleg at denne kan nyttiggjerast.

Bruk av estimat

Leiinga har brukt estimat og føresetnader som har påverka resultatrekneskapen og verdsetting av eigneluter og gjeld, og dessutan usikre eigneluter og for skyldnader på balansedagen under utarbeiding av årsrekneskapen i samsvar med god rekneskapsskikk.

Note 2 - Inntektar og tilskot

	2023	2022
Brutto motteke tilskot frå stat og kommune	34 419 000	30 296 040
Periodisert investeringstilskot, i samsvar med styrevedtak	0	-4 800 000
Overførte midlar til/frå foregåande år	1 750 682	159 720
Inntektsført periodisert tilskudd, bygg tatt i bruk	2 066 772	2 892 015
Sum inntektsførte offentlege tilskot	38 236 454	28 547 775
Sal av mat og drikke		0
Billettinntekter	6 217 900	7 666 454
Andre tilskot og refusjonar	1 895 935	3 360 694
Andre inntekter	103 705	68 602
Sum driftsinntekter	8 217 540	11 095 750
Sum inntekter	46 453 994	39 643 525
Tilskot frå staten v/ Kulturdepartementet	22 720 000	15 745 000
Tilskot, Vestland Fylkeskommune / Bergen Kommune	11 699 000	9 751 040
Periodisert investeringstilskot, i samsvar med styrevedtak	0	4 800 000
Overførte midlar til 2023 / 2024	0	0
sum, brutto	34 419 000	30 296 040
Brutto motteke tilskot frå stat og kommune	34 419 000	30 296 040
Periodisert investeringstilskot, i samsvar med styrevedtak	0	-4 800 000
Overførte midlar frå 2022/2021	1 875 244	255 434
Overførte midlar til 2024/2023	-124 562	-95 714
Inntektsført periodisert tilskudd, bygg tatt i bruk	2 066 772	2 892 015
Sum inntektsførte offentlege tilskot	38 236 454	28 547 775

Noter til rekneskapet for 2023**Note 3 - Prosjekt- og produksjonskostnader**

Prosjekt- og produksjonskostnader, spesifikasjon	2023	2022
Leige transport og anna utstyr	48 750	48 750
Scenografi, kostyme, rekvisita	1 020 520	669 436
Teknisk utstyr	251 250	199 425
Marknadsføring og turnekostnad	2 728 211	3 723 800
Kunstnarlege/tekniske honorar	4 019 459	4 092 854
Anna prosjektkostnad	615 991	251 485
Periodisert prosjektkostnad	0	
Sum prosjekt- og produksjonskostnader	<u>8 684 181</u>	<u>8 985 749</u>

Note 4 - Lønnskostnader, antall ansatte, lån til ansatte og godtgjørelse til revisor

Lønnskostnader	2023	2022
Lønninger	18 677 649	19 253 267
Arbeidsgiveravgift	2 836 954	2 896 938
Pensjonskostnader	1 519 527	1 185 800
Andre ytelser	224 970	641 646
Periodiserte lønnskostnader	<u>-298 741</u>	<u>432 445</u>
Sum	<u>22 960 359</u>	<u>23 545 206</u>

Gjennomsnittlig antall årsverk 26 26

Ytelser til ledende personer

	Lønn	Andre godtgjørelser
Teatersjef / dagleg leiar (nytilsett i 2023)	673 333	12 445
Teatersjef / dagleg leiar (tidlegare)	636 165	10 668

Det er kostnadsført kr 159 500 i godtgjersle til styrets medlemmar i 2023.

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Selskapets pensjonsordningar tilfredsstillar krava i denne lova. Selskapet har pensjonsordningar (OTP) som omfattar i alt 30 personar. Årets pensjonspremie resultatføres løypande iht. god regnskapsskikk for små føretak. Det er kostnadsført kr 1 475 291 i pensjonspremie i 2023, tilsvarande for 2022 var kr 1 185 800. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar (tilskottsplan). Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og størrelsen på ytingane frå folketrygda. Forpliktelsene er dekket gjennom et forsikringsselskap.

Ved overgang til ny tenestepensjonsordning er det regnskapsført kostnader til driftspensjon (usikra) som skal sikra tilsette over 60 år (to tilsette) same rettar som den tidlegare pensjonsordninga gav. Ytingane vil periodiserast over attverande oppteningstid. Det er avsett kr 520 197 i langsiktig pliktfor å dekkja kostnaden, ein auke på kr 33 886.

Noter til rekneskapet for 2023

<i>Godtgjørelse til revisor er fordelt på følgende:</i>	2023	2022
Revisjon	90 000	90 000
Andre tjenester	<u>35 781</u>	<u>42 500</u>
Sum	<u>125 781</u>	<u>132 500</u>

Merverdiavgift er inkludert i revisjonshonoraret.

Note 5 - Immaterielle eiendeler

	Goodwill
Anskaffelseskost pr 01.01.2023	1 700 000
Anskaffelseskost 31.12.2023	1 700 000
Akk.avskrivninger 31.12.2023	-1 700 000
Balanseført verdi pr.31.12.2023	0
Avskrivningsplan	Lineær 3 år

Immaterielle eiendeler ferdig avskrevet til null pr 31.12.2021.

Note 6 - Varige driftsmidler

	Nybygg, aktiverte kostnader	Ombygging, aktiverte kostnader	Teatersal, utrytning	Scene- og lydutstyr	Driftsløsyre, inventar, transportmidlar verktøy mm.	Sum
Anskaffelseskost 01.01.	48 341 439	17 384 644	752 439	12 592 404	1 152 049	80 222 975
Tilgang kjøpte driftsmidler	9 722 117	1 471 216	0	655 963	318 465	12 167 761
Anskaffelseskost 31.12.	58 063 556	18 855 860	752 439	13 248 367	1 470 514	92 390 736
Akk.avskrivning 31.12.	-3 766 802	-2 796 267	-236 331	-3 010 951	-686 433	-10 496 784
Balanseført pr. 31.12.	54 296 754	16 059 593	516 108	10 237 416	784 081	81 893 952
Årets avskrivninger	-2 196 031	-1 066 789	-37 764	-1 302 522	-176 188	-4 779 294
Økonomisk levetid	10-22år	10-22år	10-22år	7 år	3-7 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	

Det ble i 2019 gitt løyve til oppføring av bygg i samsvar med planar. Prosjekteringskostnadar og teknisk bistand med planarbeidet er balanserført som anlegg under utføring. Størsteparten av anlegget er teken i bruk og avskrivningar er berekna for dei kostnadane som er aktiverte og tatt i bruk.

Noter til rekneskapet for 2023

Note 7 – Driftskostnader

Anna driftskostnad, spesifikasjon	2023	2022
Reisekostnader	341 045	324 403
IKT kostnader	369 722	444 505
Inventar og utstyr	16 195	115 547
Leige maskiner	47 657	43 674
Driftsmateriale og teknisk utstyr	206 676	248 193
Kontorrekvisita	21 656	16 418
Aviser og tidsskrift	41 502	39 833
Internett, media	45 488	43 350
Kontingenter	301 380	278 757
Marknadsføring	241 078	187 661
Representasjon	506	8 669
Leige lokalar, reinhald og renovasjon	3 554 296	3 468 646
Straumkostnader	568 725	767 269
Honorar, juridisk	0	0
Andre honorarar	139 761	315 250
Bilkostnader	93 149	68 807
Anna driftskostnad	328 956	232 143
Sum	<u>6 317 791</u>	<u>6 603 126</u>

Note 8 - Leigeavtaler

	2023	2022
<i>Selskapet har følgende lokaler:</i>		
Leige lokale	3 037 321	2 960 639

Selskapet har avtale for leige av lokale som strekkjer seg over 20 år, med rett til forlenging etter utløpet til kontrakten. Noverande leigeavtale strekkjer seg fram til 30.06.2038, med rett til yttalegare forlenging med 10 år.

Note 9 - Aksjer og andeler i andre selskaper

Selskap	Anskaff.kost	Bokført verdi
Kultur Vest AS	25 000	25 000
DnB	<u>0</u>	<u>0</u>
Sum	<u>25 000</u>	<u>25 000</u>

Det Vestnorske Teateret AS selde 396 lutar i DnB Nor ASA i 2023 med ein gevinst på kr 65 162.

I 2010 blei det investert kr 25 000 i ein lute i Kultur Vest AS. Luten er vurdert til kostpris.

Noter til rekneskapet for 2023

Note 10 - Andre krav

	2023	2022
Framtidige framsyningskostnader	1 227 639	794 590
Andre periodiseringar	<u>315 976</u>	<u>162 939</u>
Sum	<u>1 543 615</u>	<u>957 528</u>

Framtidige framsyningskostnader og forskuddsbetalte inntektar (billetter) er presentert brutto, sjå også note 16.

Note 11 - Fordringer og gjeld

